

**MØTEPROTOKOLL**

---

<b>Utval:</b>	<b>Styringsgruppe næring</b>
<b>Møtestad:</b>	Rådhuset i Austrheim
<b>Dato:</b>	12.02.2014
<b>Tidspunkt:</b>	12:00 – 15:00
<b>Frå sak nr:</b>	SN 1/14 – SN /14

---

**Følgjande medlemmer møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Representerer</b>
May Eva Sandvik	Fungerande ordførar (Krf), Lindås
Hogne Haugsdal	Konstituert rådmann, Lindås
Per Lerøy	Ordførar (Ap), Austrheim
Øystein Sørhaug	Næringssjef/samfunnsutviklar, Austrheim/Lindås
Silje Andvik Hoaas	Næringskoordinator, Austrheim/Lindås

**Følgjande medlemmer møtte ikkje:**

<b>Namn</b>	<b>Representerer</b>
Ernst Stellberg	Formannskapsmedlem (H), Austrheim
Jan Olav Osen	Rådmann, Austrheim
Ståle Juvik Hauge	Formannskapsmedlem (Ap), Lindås

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>
SN 01/14	Arbeidsgruppe «Johan Sverdrup-oljerøyr»
SN 02/14	Samarbeidsavtale, Industriutvikling Vest (IUV)
SN 03/14	Diskusjon om strategiprosess for felles næringsavdeling
SN 04/14	Diskusjon om næringsareal, behov for næringsareal og praksis i kvar kommune
SN 05/14	VRI (virkemidlar for regional innovasjon) og Nordhordland
SN 06/14	Status for vassutbygging, Mongstad
SN 07/14	Status for tømmerkaiprosjektet på Eidsnes
SN 08/14	Status for arbeidet til Nettverk av Petroleumskommunar
SN 09/14	Status for arbeidet med regional næringsplan
SN 10/14	Status for basestruktur/ilandføring
SN 11/14	Status for profileringsprosjektet «Mongstad fram i lyset»
SN 12/14	Rapport frå førstelinjetenesta
SN 13/14	«Korleis ta næringsarbeidet inn i framtida?»
SN 14/14	Andre saker felles næring arbeidar aktivt med
SN 15/14	Eventuelt

**SN 01/14****Arbeidsgruppe «Johan Sverdrup-oljerør»**

Felles Næring (FN) har oppretta ei intern politisk/administrativ arbeidsgruppe, som skal arbeide med leiðningstrasear i samband med JS-utbygginga, både i Lindås og Austrheim. FN har koordinerings- og prosjektleiingsansvar. Internt oppstartmøte var 7. februar, gruppa skal ha eit eksternt møte med Statoil 13. februar. Prosjektdeltakarar er teknisk og plan i begge kommunane. Ordførarane stiller også.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 02/14****Samarbeidsavtale, Industriutvikling Vest (IUV)**

FN har utarbeidd forslag til samarbeidsavtale med IUV. Det vert i desse dagar utarbeidd eit årshjul for 2014, særleg for bedriftsmiljøa på Mongstad med mål om å auke innovasjonsinteressa.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 03/14****Diskusjon om strategiprosess for felles næringsavdeling**

Etter tidligare diskusjon i styringsgruppa, skal FN utarbeide eit strategidokument for vidare arbeid. Samstundes har formannskapet i Lindås (i møte 23. januar 2014) fremja ønske om ein strategiprosess, der både formannskap og kommunestyret deltar. FN skal utarbeide forslag til prosess saman med rådmann i Lindås.

Bakteppet er som følgjer:

1. Samarbeidsprosjektet mellom Austrheim og Lindås, «felles næring», varar ut 2015, og ein har behov for å sjå på vidare organisering av næringsutviklingsarbeidet i Lindås.
2. Samstundes skildrar strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim (2011-2020), at handlingsprogrammet skulle vore rullert hausten 2013, og at strategidelen skal teiknast på ny i 2015.
3. I tillegg har Regionrådet/Nordhordland Utviklingsselskap ein pågåande regional næringsplan (antatt ferdig primo 2015). Det er også behov for klarare retningslinjer for lokalt og regionalt næringsutviklingsarbeid, ikkje minst i forhold til intern/ekstern strategi og operasjonell aktivitet.

Strategisk næringsplan vil fortsatt vere eit styringsverktøy for FN, men me vil samstundes utarbeide eit internt strategidokument som vil supplere/justere på noko av innhaldet.

Det er eit tverrfagleg politisk ynskje og behov for å verte meir involvert i dei strategiske diskusjonane knytt til næringsutviklingsarbeid.

Strategiprosessen vil starte med ein orientering og gjennomgang av strategisk næringsplan i formannskapet den 6.3 i Lindås. Ein skal også definere eit løp for det strategiske konseptet til denne samlinga. Eit liknande løp vil bli langt for Austrheim kommune.

*Konklusjon: FN legg fram sak til formannskapa i både Austrheim og Lindås om ein felles strategiprosess - med særleg fokus på Mongstad. Saka må i tillegg skildre korleis kommunane skal handtere næringsarbeidet som ikkje er direkte knytt til Mongstad.*

#### **SN 04/14      Diskusjon om næringsareal, behov for næringsareal og praksis i kvar kommune**

FN ønskjer ein diskusjon i kvar kommune om behova for næringsareal og praksis for utbyggingsløyisingar. Kva rolle skal FN ha?

Korleis kan ein få til meir utvikling av næringsareal? Kva er kommunen si rolle (forvaltar, samarbeidspartnar, utbygger, grunneigar, sal til utbyggjarar). Korleis kan ein tetta hola og få fortgang i prosessane?

Kommunane har eigarskap i:

- Lindås Tomteselskap (skal selja byggeklare tomter til t.d. utbyggjarar)
- Austrheim Næringssselskap
- Mongstad Vekst (tilrettelegging av næringsareal og næringsutvikling)

Kva er aktiviteten og korleis ser vegen ut vidare for desse verktøya?

BRB arbeider med arealguiden.no. Kommunane får gratis lenker til kommunale næringsarealer. Dei kommersielle aktørane skal også inn (mot betaling). Nordhordland har vidare gode kart med slik informasjon i dag. Dette må i tilfelle integrerast og BRB er klar over systema våre.

*Konklusjon: FN skal ta ein nettverksrolle, og vere ein effektiv koplør av aktuelle aktørar.*

#### **SN 05/14      VRI (verkemiddel for regional innovasjon) og Nordhordland**

FN, Industriutvikling Vest og Nordhordland Utviklingsselskap vil invitere VRI-partnerskapen i Hordaland til eit møte i februar/mars til Mongstad. Målet er å synleggjere Nordhordland for å bygge bru til VRI. VRI er lavterskeltilbodet til heile virkemiddelapparatet innan innovasjon og forskning og utvikling (FoU).

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

#### **SN 06/14      Status for vassutbygging, Mongstad**

Politisk leiing har vore i kontakt med Statoil, Sandsli. Me ventar på tilbakemeldingar.

*Konklusjon: Vi må kome i posisjon for å diskutere den strategiske heilskapen med «det rette nivået» i Statoil.*

#### **SN 07/14      Status for tømmerkaiprojektet på Eidsnes**

Utlysninga av arbeidet er basert på kaikonstruksjon, hovudsaklig i tre. Tømmerkaien på Eidsnes kan bli den første moderne industrikai i tre i Norge. Anbudsopning er 12. februar. Kaien må realiserast innan utgangen av 2015 for å tilfredsstilla vilkåra om statlege tilskot. FN koordinerer kommunenes engasjement i saka.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

#### **SN 08/14      Status for arbeidet til Nettverk av Petroleumskommunar**

Nettverket har ei samling i Oslo 26. - 27. februar. Tema er eigedomsskatt og interessepolitisk arbeid. Det er trong for å få inn andre tema i samlingane på sikt.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 09/14      Status for arbeidet med regional næringsplan**

Jamfør presentasjonen Kari E. Natland i Nordhordland Utviklingsselskap hadde i FO i Lindås kommune den 23. januar 2014.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 10/14      Status for basestruktur/ilandføring**

Jamfør presentasjonen Benedikt Henriksen i Statoil hadde i FO i Lindås kommune 23. januar 2014.

Merk særleg at Statoil meiner veksten vil føre ein trafikkauke på vegane i Nordhordland. Statoil peikar også på utfordringar på IT-sida, og syner til ei forventa dobling av vassforbruket (til cirka 800.000 m<sup>3</sup>/år). Ein må også forventa eit større energibehov.

Dette er utfordringar som FN må arbeide med saman med politiske aktørar.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 11/14      Status for profileringsprosjektet «Mongstad fram i lyset»**

FN justerer prosjektskildringa, og forankrar prosjektet regionalt. Arbeidet skjer parallelt med eit regionalt omdømmeprojekt, der Nordhordland Utviklingsselskap er eigar. FN er med i arbeidsgruppa til dette prosjektet. I tillegg til å bidra med kompetanse i det regionale prosjektet, vil FN sikre at dei lokale og regionale initiativa drar vekslar på og byggjer opp under kvarandre.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 12/14      Rapport frå førstelinjetenesta**

Sidan årsskiftet har kontakten med gründerar i stor grad vore knytt til søknad om tilskot frå næringsfonda til Austrheim og Lindås.

Kontakten kjem ofte etter dialog med anten Industriutvikling Vest eller Nordhordland Næringshage, som begge merkar auka interesse for nettverka dei representerer.

BRB har eigne tilbod på etablerarretteleing. Det same har Hordaland fylkeskommune. BRB har utarbeidd ein rapport om førstelinjetenesta, som vert presentert på neste BRB-samling.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 13/14      «Korleis ta næringsarbeidet inn i framtida?»**

FN inviterer til Workshop med sentrale offentlege utviklingsaktørar og spesielt inviterte verksemder. Tiltaket er ein del av forskningsprosjektet mellom FN og Høgskulen i Bergen.

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 14/14      Andre saker felles næring arbeidar aktivt med**

- Marknadsføring, Nordhordland
- Tilflyttingsprosjekt, Austrheim
- Utviklingsprogrammet for byregionar, Lindås
- Verksemd som ynskjer å lokalisere seg i Nordhordland
- ACOS
- Næringsareal, Austrheim
- Regional næringsplan
- Austrheim Heile Livet
- Austrheim Næringsforum
- Mongstad fram i lyset

FN tek ut denne «samleposten» frå og med neste styringsgruppemøte. 7

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

**SN 15/14                      Eventuelt**

FN vil frå no av sende ut desse møtereferata til formannskapa i både Lindås og Austrheim. Dette gjer vi, for å få tilbakemelding frå politikarar om moglege innspel i relevante prosessar og prosjekt. FN håpar formannskapa vert nøgd med tilgang til møtereferat. Ta kontakt for å spele oss gode!

*Konklusjon: Styringsgruppa tar saka til etterretning.*

1)